

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/9/01

av 1. mars 2004

om fastsetjing av overgangsføresegner for handel innanfor Fellesskapet av sæd, egg og embryo frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien som stammar frå Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia(*)

[meldt under nummeret K(2004) 574]

(2004/205/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 2 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 42, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Frå 1. mai 2004 må sæd, egg og embryo frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien som er skaffa frå Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia («dei nye medlemsstatane»), og som er meinte for handel innanfor Fellesskapet, sette alle dei vilkåra som er fastsette i det relevante fellesskapsregelverket.
- 2) Desse produkta må særleg støtte dei dyrehelsekrava som er fastsette i rådsdirektiv 88/407/EØF av 14. juni 1988 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel med sæd fra storfe innanfor Fellesskapet og innførsel av slik sæd⁽¹⁾, rådsdirektiv 89/556/EØF av 25. september 1989 om krav til dyrehelse ved handel med embryoer fra storfe innanfor Fellesskapet og innførsel av slike embryoer fra tredjestater⁽²⁾, rådsdirektiv 90/429/EØF av 26. juni 1990 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel med rånesæd innanfor Fellesskapet og innførsel av rånesæd⁽³⁾ og rådsdirektiv 92/65/EØF av 13. juli 1992 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel innanfor Fellesskapet med dyr, sæd, egg og embryoer som ikke omfattes av kravene til dyrehelse fastsatt i de særlige

fellesskapsregler oppført i vedlegg A del I til direktiv 90/425/EØF, og ved innførsel av nevnte dyr, sæd, egg og embryoer til Fellesskapet⁽⁴⁾.

- 3) Nokre av desse animalske produkta som er skaffa frå dei nye medlemsstatane før tilmeldingsdatoen, kan vere på lager etter tilmeldingsdatoen. Det er mogleg at desse animalske produkta ikkje stettar alle dei dyrehelsekrava som gjeld for handel innanfor Fellesskapet.
- 4) For å lette overgangen mellom den eksisterande ordninga for produkt frå dei nye medlemsstatane til den ordninga som er eit resultat av dyrehelseregelverket til Fellesskapet, bør det fastsetjast overgangsføresegner for handel med desse produkta.
- 5) I artikkel 53 i tilmeldingsakta er det fastsett at dei nye medlemsstatane skal reknast for å ha motteke melding om dette vedtaket ved tilmeldinga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dette vedtaket skal nyttast på sæd, egg og embryo frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien som er omfatta av dei dyrehelsekrava som er fastsette i direktiv 88/407/EØF, 89/556/EØF, 90/429/EØF og 92/65/EØF, og som stammar frå Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia («dei nye medlemsstatane»).

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 65 av 3.3.2004, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/2004 av 4. juni 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 59 av 25.11.2004, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 194 av 22.7.1988, s. 10. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak (EF) nr. 2004/101/EF (TEU L 30 av 4.2.2004, s. 15).

⁽²⁾ TEF L 302 av 19.10.1989, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽³⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 62. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003.

⁽⁴⁾ TEF L 268 av 14.9.1992, s. 54. Direktivet sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1398/2003 (TEU L 198 av 6.8.2003, s. 3).

Artikkel 2

Frå 1. mai 2004 skal dei produkta som er nemnde i artikkel 1, ikkje sendast til andre medlemsstatar.

Artikkel 3

1. Som eit unntak frå artikkel 2 kan dei produkta som er nemnde i artikkel 1, frå 1. mai 2004 til 31. desember 2004:

- a) sendast til andre nye medlemsstatar dersom:
 - i) mottakarstaten godkjenner sendinga,
 - ii) dei vilkåra som mottakarstaten har fastsett før 1. mai, er stetta,
- b) handlast med innanfor Fellesskapet dersom produkta:
 - i) kjem frå senter eller frå grupper som er godkjende for eksport til Fellesskapet,
 - ii) er påførde det kontrollnummeret som senteret eller gruppa er tildelt med sikte på eksport til Fellesskapet.

2. Det helsesertifikatet som følgjer med sendingar med dei produkta som er nemnde i nr. 1, skal ha følgjande tilleggssertifikat som er underteikna av den offentlege veterinæren:

«Sæd, egg og embryo (stryk det som ikkje passar) frå storfe, svin, sau, geit og dyr av hestefamilien (stryk det som ikkje passar) som er i samsvar med kommisjonsvedtak 2004/205/EF(*), og som er skaffa før 1. mai 2004.

(*) TEU L 65 av 3.3.2004, s. 23.»

Artikkel 4

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket, og offentleggjere desse tiltaka. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Artikkel 5

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for og frå den datoen då tilmeldingstraktaten av 2003 tek til å gjelde.

Artikkel 6

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 1. mars 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen